Rogaland fylkeskommune

**ØLEN VIDAREGÅANDE SKULE**

ØLEN VIDAREGÅANDE

7. februar 2020

# Dagsverk KOROSTEN 2019-2020

# 16.mars 2020



Informasjon til elevar, føresette og arbeidsgivarar.

Det nærmar seg Dagsverk Korosten som er Ølen vgs sitt Operasjon Dagsverk.
Me samlar inn pengar til barn og ungdom i Korostenområdet i Ukraina.
Mottoet er "elevar hjelper elevar" og Ølen vgs er den einaste skulen i Norge som samlar inn pengar til byskular og landsbyskular i dette svært fattige området av Ukraina.
Korosten ligg 8 mil frå Tsjernobyl kor den verste atomulykka i verda fann stad i 1986.

Me samarbeider med THK stiftelsen, og har sidan 2003 vore med å hjelpe ungdom i Korosten. Også i år går pengane til friluft- og idrettsutstyr og anna sårt trengt materiell.

16.mars 2020 skal alle elevane våre ut i jobb og samle inn kr 400,- til
Alle pengane går til Dagsverk Korosten.
Alle elevane får utdelt ei kvittering. Du som arbeidsgjevar skal føre på summen eleven har tent i løpet av dagen, bedrifta og eleven sitt namn. Dersom du ynskjer å setje pengar direkte inn på konto,

**Hugs å merke med namnet på eleven!** kontonummeret er 3535.20.43689.




Takk for di støtte!
Helsing Dagsverk-Korostengruppa/elevrådet ved Ølen vgs

ADRESSE
Litlehagen 2
5580 Ølen

TELEFON
53 76 64 00

E-POST ADR.
olen-vgs@skole.rogfk.no

HEIMESIDE
www.olen.vgs.no